

Unik markering på Bryne

Du har no sjansen til å vera med på noko stort 22. oktober - *sjå side 8*



Sommarkonfirmantar i
Bryne kyrkjelyd

side 4



Pilegrimar på kjøll til Nidaros

side 6



Etiopisk college i fin vekst

side 7



Kyrkjevalet 2011

side 16

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret	tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00	
heimeside: http://www.time-kyrkja.no	
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no	
telefaks	tlf. 51 77 03 60
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne	
Prost: Kjell Børge Tjemsland	tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård	tlf. 911 57 105
Prostiprest: Gunnar Frøyland	tlf. 958 73 847
Kateket: Ingrid Time Nærland	tlf. 51 48 40 69
Diakon: Marit Høie Hetland	tlf. 911 63 039
Sekretær Bryne sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:	
Hanne Brit Sandsmark	tlf. 99 62 61 57
Sekretær: Kari W. Ødegaard	tlf. 51 77 03 77
Kyrkjevevjerje: Olav Vegard Søyland	tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase	tlf. 51 48 34 82
Prosjektleiari trusoppplæring:	
Jorunn M. Ueland	tlf. 51 48 85 10

Time

Organist: Oddny Underhaug	tlf. 900 11 178
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Soknerådsleiar: Amund Undheim	tlf. 51 48 43 09
Klokkar: Sofie Braut	tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard	tlf. 51 48 32 84

Bryne

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad	tlf. 412 72 862
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Organist: Per Olav Egeland	tlf. 51 48 66 68
Klokkar: Leif Andenes	tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg	tlf. 938 31 623
Barne- og ungdomsarbeidar:	
Jorunn Pettersen	tlf. 51 77 03 72
Lye forsamlingshus	
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no	
Ungdomsprest: Ole Tørring	tlf. 951 78 971
Leiari forsamlingsstyret:	
Vegard Hanssen	tlf. 404 01 214

Undheim

Prest: Per Børge Hillestad	tlf. 934 42 919
Kyrkjetenar: Hans Undheim	tlf. 51 48 45 55
Soknerådsleiar:	
Kåre Sigurd Undheim	tlf. 51 48 43 07
Ungdomsarbeidarar:	
Synnøve Høyvik	tlf. 41 45 03 95
Runa Aarrestad	tlf. 90 76 02 32
Undheim kapell	tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
www.time-kyrkja.no
 e-post:
helgedagen@time-kyrkja.no

Til ettertanke



Leif Oscar Reiestad
ungdomsprest

På trappa med klump i halsen

Ein ny haust. Eit nytt skuleår. Ikkje berre ein haust av mange, men hausten etter 22.juli 2011. Ein haust prega av ei blanding av sorg og omsorg.

Kanskje har du born som byrjar i barnehagen, på skulen, eller nettopp har flytta heimanfrå. Kor mange fedre, og ikkje minst mødre, har stått i døra med klump i halsen, sendt borna av garde og vore nøydd til å innsjå at dei ikkje kan skånast frå denne lunefulle verda. For nokre har sommarsens hendingar gjort slike "halsklumpar" større. Kanskje har du nyleg opplevd å levera ei hylande jente i barnehagen, eller opplevd at gutungen ikkje vil gå på skulen. Kanskje har du ein 19-åring som ringjer heim og seier at han saknar dei heime.

Og så trøystar me oss med at "det går seg te". "Det blir betre etterkvart". For mange er det sant. Men mange erfarer og at livet til borna tek vegar gjennom mørke skogar og over bratte fjell, område som kan ta krefter og livsmot frå dei. Så trøyster og hjelper me det me kan. Me prøver å gje dei den bagasjen som trengs for å tåla livets harde realitetar.

Bibelen omtalar Gud som vår far. Ofte kan det kjennast som han har sendt oss ut på trappa og lukka døra bak oss. Men Bibelen fortel oss at også Gud står i døra med klump i halsen og paradoksalt nok lar oss oppleve ting som kjennest heilt meiningsslause. Gud seier at han går med oss. Han

bur i oss og ynskjer å gje oss bagasjen som gjer at me ikkje misser motet:

5.Mos 33.25: - som dine dagar er, skal din styrke vera.

Jes 40.29: Han gjev den trøytt kraft, og den som ingen krefter har, gjev han stor styrke.

Bjørn Eidsvåg har i songen "Eg ser" prøvd å setja ord på noko av det same:

*Eg ser at du e trøtt
 men eg kan ikkje gå
 alle skrittå for deg
 Du må gå de sjøl
 men eg vil gå de med deg
 Eg vil gå de med deg*

Me håpar at det skal gå godt for borna våre, at dei skal veksa på både gode og vonde erfaringar. Men når fjell og skogar gjer livet mørkt og tungt, gjev Gud oss eit håp om at godheit og rettferd ein gong skal sigra. Han har gitt oss eit håp om at me ein gong skal få opna ei dør som ikkje går ut i ei lunefull og usikker verd, men inn til Guds trygge og glade himmelfest.

*Ei dør ska eingang åbna seg
 Og barnå de ska strømmen inn
 Te lys og fest og sang som våkne
 te evige dansetrinn (Erik Hillestad)*

Leif Oscar Reiestad

Mi Salme

*Guds menighet er jordens største under!
 Mens verdens skikkelse i hast forgår,
 Er Kristus i all evighet den samme,
 Og fast hans rike på sin klippe står.
 Mens verdensriker stiger og de synker,
 Går kirken mot fullkommenhetens vår.*

*Så kommer dagen da alt hat skal smelte
 Som sne og is for sol og sommervær.
 Da faller Satans makt, da skal hans velde
 Gi tapt for frelsens stridsmenn, for Guds hær.
 Med jubel skal de høste hva de sådde
 Og salige få se ham som han er.*

*Å hellig håp! Å sanne, sikre løfte
 Fra ham som aldri skifter sinn og art!
 Er natten lang, er kampen full av kvaler,
 Som morgenstjernen lyser løftet klart.
 Det er Guds eget ord: Du skal ha trengsel,
 Men kjemp frimodig, - se, jeg kommer snart!*

Lauritz Aarsland

Ei sliten jærkone sat ein kveld og bladde i salmeboka si og sukka: Å ja og ja, der er mykje her som skulle vore sunge. Salmeboka vår inneheld mange verdfulle skattar. Ei vakker salme, som har tona i sinnet mitt i det siste, er: "Guds menighet er jordens største under". Land og rike, kulturar og filosofiar, ulike leve- og arbeidsmåtar: Alt har si tid og endrar seg eller forgår. Men det som starta i Jerusalem for snart to tusen år sidan, det består. Les ein kyrkjesoga, ser ein eit fargerikt bilete av Guds menighet. Mange feilsteg er gjort gjennom tidene, men kyrkja består og vekst. Katolikkar, ortodokse, protestantar, pinsevenner og alle andre menigheter, har Kristus som sin Frelsar, sjølv om dei ser ulikt på teologiske spørsmål. Dette er jordens største under. Guds menighet går mot "fullkommenhetens vår".

Ronald Fangen skreiv denne salma 1942 som ein del av ein misjonskantate til melodi av Arild Sandvold. I dag nyttast melodien av Arnfinn Øen frå 1967.

Ronald Fangen levde frå 1895-1946. Han omkom då i ei flyulukka. Knut Hamsun hjalp han ut frå tysk fangenskap i 1942. Ronald Fangen var den første norske forfattaren som vart arrestert under krigen. Han var forfattar, journalist og kritikar, blant anna i Stavanger Aftenblad. Han var og ein av grunnleggjarane av dagsavisa Vårt Land 1945.

Lauritz Aarsland

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid.

Layout: Gabriel Tengsareid og Jærprint. Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589.

Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må vera oss i hende

innan 30 september. Neste nr. kjem ut ca. 20. oktober. Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen.

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
 SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS
 EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
 NÅR LIVET ER SOM VERST

Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap
 BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no



- Leiren var kjekkast!

Frå KonfCampen: f.v.: Sara Oftedal, Maria Hetland Haavik, Tor Jostein Aase, Marita Stangeland og Gerd Åshild Ueland

med eige husband, bibeltimar, seminar, Konf-Cafe, tilgang til alle konsertane og stor "Ta-sjansen"-tevling på slutten. Samarbeid i lag er viktig når konfirmantane skal byggja båtar og sykklar til denne tevlinga. I følge arrangørane blir "Ta-sjansen" eit hovedtema for heile festivalen. Dei unge blir utfordra til å ta sjansen og tora vera ein kristen!

- Me opplevde eit variert sommarver, fortel Torstein. – Sol og fint dei første dagane. Regn og atter regn med oversvømmelse på slutten. Siste natta måtte 14-15 frå vår gjeng flytta inn i møteteltet. Slikt er tøft når det står på, men i ettertid gjer det opphaldet ekstra minnerikt.

Torstein har hatt med seg fire andre leiarar for å gjennomføre konfirmasjonsopplegget. Det er Silje Frøystad Sandanger, Olaug Kvamme, Eirik Grov og Marita Stangeland.

På spørsmål frå Helgedagen omtalar Tor Jostein Aase, ein av Brynekonfirmantane, årets opplegg som ei positiv oppleving.

- Men leiren var kjekkast, konkluderer han.

RT

Spørsmål frå Helgedagen: Kva har du gjort på i sommar?



Ingvild Hjørnevik 15 år frå Lye

Ingvild fortel at ho har vore på LINK, Lagets lederskole 1.-8. august på Drottningborg (Laget: NKSS - Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag)

"Reiste saman med 7 andre frå Lye. Var i fjor. Det var gøy. Sosialt, kjekt." Lærte du noko?

"Var bl. a. med på bibeldykk. Det var seminar der ein kunne læra å starta opp lag på sin skule"

Vil du reisa neste år?

"Kanskje".



Magnus Østvold 16 år frå Bryne

Magnus har bl.a vore på Skjærgårds Music & Mission Festival 5. – 10. juli på Risøya, Tvedestrand "Første gong for meg på Skjærgårds. Kjempekjekt! Heila stemninga, folket, konsertane. Der vil eg reisa neste år."



Målfrid Grødem 15 år frå Lye

Målfrid har vore med i friidrettsgruppa i Lye Idrettslag frå ho gjekk i 1.klasse.

I sommar har ho vore med på Jr- NM 5.-7.august i Kristiansand. Aldersgruppa 15.-19.år.

Sprint og lengde er hennar grein. Ho kvalifiserte seg til 100m sprint. "Gredde me å kvalifisera oss til ei grein, kunne me delta på alt det andre me ville.

Me var 4 frå Lye som deltok. Eg var den yngste. Ikkje dei store resultatane denne gongen. Reiste for å sjå og oppleva. Første gong eg har vore med på så stort stemne. Alt var mykje strengare og profesjonelt enn det eg har vore med på før".

Stå på vidare, Målfrid og alle andre i friidrettsgruppa!!

OU



Samling etter skuletid



Samlingane startar med matøkt

I vår og sommar har 20 unge deltatt på eit eige konfirmantopplegg i Bryne kyrkjelyd.

Dei har sjølv valgt å bli med på dette i den lyse årstida, og konfirmasjonssøndagen blir 4. september.

- Me legg opp til undervisning og gruppearbeid i ei trygg sosial ramme. Eg brenn for at unge skal bli kjent med Jesus, seier Torstein Bjorland, som har vore hovedleiar for sommarkonfirmantane.

- Opplegget består av 6 samlingar etter skuletid, samt deltaking på "KonfCamp"-delen av Skjærgårds Music & Mission Festival.

Torstein fortel vidare at samlingane etter skuletid alltid startar med matøkt og drøs. Så kjem hoveddelen med undervisning og deretter gruppearbeid, diskusjon og bøn. Opplegget er utarbeidd i samråd med kateketen i kyrkjelyden, og ulike tema har vore gjennomgått og diskutert. Til dømes: Kva vil det seia å vera kristen? Kven Jesus er og kva han gjorde for oss (i lys av evangelia) og Tru og vitenskap

Skjærgårds Music & Mission Festival (tidlegare Skjærgårdsgospel) vert arrangert kvart år på Risøya ved Tvedestrand, i år frå 5. til 10. juli. KonfCampen er ein "leir i leiren" på festivalen, og omlag 500 konfirmantar frå heile landet deltok i år. Der er det party-telt



Eirik og Torstein - konfirmantleiarar med glimt i auga



Brynegjengen vann sykkelkonkurransen på KonfCampen. Tobias Veggeberg sykla fortast og lengst

Nærradioen med godt nytt

JÆREN MISJONS RADIO

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider	
Mandag:	08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag:	08.30 - 09.00
Onsdag:	08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 19.30 - 21.00
Torsdag:	08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag:	08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid.
Hebr. 13,8.

Pilegrimar på kjøøl til Nidaros

- med skuleskipet Gann

Denne sommaren var fleire frå Time med på GANN sin første tur med pilegrimar frå Stavanger til Trondheim. I mellomalderen var sjøvegen "Europaveg 1", også for pilegrimar til Nidaros, som byen då heitte. Me var difor i god historisk tradisjon då me gjekk om bord i Stavanger 23. juli, for å nå fram til Trondheim til Olsok, 29. juli.

Undervegs var me innom Avaldsnes med Olavskyrkja, Moster, Bergen, Gulen, Selje, Veøy, Grip med si gamle stavkyrkje, Trondheim og Stiklestad. På heimveg fekk me koma ut til mellomalderkyrkja på Kinn. Der vart omvisinga avslutta med nattverdsamling i omgivnader med historisk dâm.

Alle stadene me var innom vart me imponerte over flinke og engasjerte guidar. Dei gjorde at utbytet vart rikt og interessant.

Kva gjer så ein lutheranar på pilegrimsreis? Var ikkje det tradisjonelt valfarting til heilage stader, som til dømes Røldal, der ein kunne bli frisk jonsoknatta - då krusifikset der sveitta?

Pilegrim (frå latin peregrinus) tyder eigentleg framand, utanlandsk, og pilegrimsvandring blir ofte brukt som bilete på sjølve livet. Livet vert og samanlikna med ei sjøreise: "Jeg er en seiler på livets hav, på tidens skiftende bølge..." (Norsk Salmebok nr 862) Vandringa vår gjennom livet har eit mål: Heim til himmelen.

Me er i ein lang kristen tradisjon her i landet. Kristendommen kom til Noreg over eit lengre tidsrom enn mange tenkjer over. Historikar og forskar, Harald Olsen, gav oss gjennom fleire foredrag eit vidare utsyn over kristnings saga og ulike innverknader her vest, m.a. frå keltisk tradisjon. Me står i ein stor samanheng, og det gjer godt å sjå gamle steinkrossar langs leia. Her har kristne i farne tider sett opp merke som framleis viser veg.

Så vart bøna til slutt etter pilegrimsseilasen:
"La ankret falle! Jeg er i havn
i ly for brenningens vover!
Jeg kaster meg i min Frelser's favn,
han som har hjulpet meg over.
Og kjente, elskede stemmer kaller,
mens ankret sakte og stille faller
i evighetens lyse land." (Norsk Salmebok nr 862)

Tekst og foto: LHH



Timebuar på Veøy



Grip gamle stavkyrkje



"Spelet om Heilag Olav"



"Jeg er en seiler på livets hav" - Kyrkeskipet i Kinn kyrkje

Etiopisk college i fin vekst

Frå 2007 var Brit Signe og Ketil Fuglestad, som i dag bur på Bryne, misjonærar ved eit college i Etiopia. Det starta med yrkesskule bygd opp av Misjonssambandet (NLM) og med støtte frå NORAD. I 2006 fekk skulen godkjenning som college med treårig utdanning. I dag er det den etiopiske Mekane Yesus kyrkja (EECMY) som driv skulen.

Frå 42 til 308 studentar

Hausten 2006 starta colleget opp med 42 studentar på to linjer: Bilmekanikk og dataopplæring. Elektrikarlinje har sidan kome til. Studenttalet har siste skuleåret vore 308.

Inntekter til drifta

For å hjelpa skulen med å finna varige inntektskjelder til drifta, engasjerte NLM Brit Signe og Ketil som rådgjevarar.

Med bakgrunn i tidlegare bygdeutviklingsprosjekt/ misjonsteneste i same området var dei villige til å reisa attende og hjelpa til med den nye oppgåva på colleget.

Colleget har i dag eigen bilverkstad og er eineforhandlar av Toyota-deler i regionen. Den tidlegare snikkarverkstaden er leigd ut til ein møbelprodusent. Colleget har starta med teori- og køyreopplæring for motorsykel, personbil, minibuss, buss og lastebil. Hittil har omlag 300 teke sertifikat. Saman med utleige av enkelte bustadhus og internatrom gjev alt dette gode inntekter til drift og vidareutvikling av skulen.

Kvifor reiser vi attende

Brit Signe har bygd opp og hatt ansvar for drift av delelageret.



Kort tid før dei kom heim på sommarferie lærde ho opp ein etiopisk sekretær. Opplæringstida blei kort og Brit Signe vil gjerne tilbake for vidare oppfølging.

Bildelene gjev gode inntekter, men Toyota set store krav til månadlege rapportar med oversikt over sal og lagerbeholdning.

I tillegg til arbeidet ved colleget arbeider Ketil med å få i gang og fylgje opp AFRI prosjekt, sjå www.afri.no. Etioparar som har idéar og handlekraft, men lite kapital, får gjennom AFRI støtte til start av eiga verksemd. Etter synfaring og grundige samtalar kan ein få etablerarstipend på opp til NOK 3.300. Meir skal ikkje til for varig næringsgrunnlag for familiar og arbeidstakarar.

I Filtu, nær grensa til Somalia, har NLM eit vann-, helse- og landbruks-prosjekt. Kompetente rådgjevarar til landbruk i eit svært tørt og vanskeleg område har NLM så langt ikkje funne. Ketil vil no sjå om det er råd å få til eit utviklingsarbeid innanfor før til husdyr samt matvekster til nomadefamiliane og har på visse vilkår sagt seg viljug til å gå inn i denne rådgjevarstillinga.



Moster gamle kyrkje



Selje kloster



Den heilage øya Veøy - så stille!



Unik markering på Bryne

Du har no sjansen til å vera med på noko stort 22. oktober

Med lansering av Bibelselskapet sin nye bibel skal det vera kontinuerleg bibellesing i Bryne kyrkje og på M44

Bryne kyrkje kl. 07.00 - 10.00

M44 kl. 10.00 - 18.00

Bryne kyrkje kl. 18.00 - 21.00

Bryne kyrkje kl. 21.00 - 22.00. **Avslutning av markeringa: Bibelvers i ord og tonar**

Har du lyst å vera med på dette?

Ring til kyrjekontoret 51770377 eller send mail til bryne.soknerad@time-kyrkja.no innan 23. september

Å få lesa Bibelen på sitt morsmål er ikkje sjølvstyk

Alle kan gje ei pengegåve til oversetting av Bibelen til nye språk

Arr: Bryne sokneråd

Bibelen kommer nærmere

Hilsen fra biskop Erling J. Pettersen

Da Gud sa: "Bli lys", så ble det lys.

Da Moses hørte Gud tale ved den brennende busken, tentes håpet om frihet og et bedre liv. Folket lærte seg å tro på Guds hjelp og å elske hans bud.

En gang ble Ordet menneske. Jesus ble født. Fortellingen om hans liv og ord er fortellingen om Gud på jorden.

Kristen tro er å lytte til, ta imot og leve i Ordet. Ordet, som dypest sett er Kristus, treffer oss i vår lengsel, skaper troen på Den treenige Gud, inviterer oss til bønn, følger oss i alle livets situasjoner og bærer oss når livet brister. Ordet er kilde, kraft og håp.

Bibelen er Guds ord og menneskeord. Jesus snakket aramaisk. Det nye testamente er skrevet på gresk, Det gamle testamente på hebraisk, med noen få kapitler i Daniels bok på aramaisk. Det finnes spor av disse språkene i vår tid også, men for å møte ordet trenger vi det på norsk.

I 2011 får vi ny bibeloversettelse. Ikke siden de første kristnes tid har vi hatt bedre kunnskaper om grunnteksten. Det gjør at vi får en oversettelse som baserer seg på et bedre grunnlag enn vi har hatt noen gang før i moderne tid.

Vårt eget språk endrer seg også. Det norske bibelselskap har gjort et imponerende arbeid med å holde seg så tett til Bibelens eget språk som mulig og oversette til moderne norsk, blant annet med hjelp fra flere av våre fremste skjønnlitterære forfattere.

Den oversettelsen vi får høsten 2011 er et imponerende faglig, språklig og kunstnerisk arbeid. Den er skapt med en ærefrykt, grundighet og kompetanse som gjør den til en historisk begivenhet. Ordene og tekstene vil alle som har lest Bibelen kjenne igjen, men detaljer kan bli nye. Tekstene kan komme nærmere og tale sterkere enn før. Uten at språket fjerner seg fra grunnteksten blir det lettere å forstå.

Det er Ordet som gjør Bibelen viktig. Det er Ordet som gir liv. Jeg håper at den nye oversettelsen vil skape tro, liv og bibelglede hos oss som har levd med Bibelen lenge. Jeg håper den vil vekke nysgjerrighet og gi nye perspektiver til de som ikke er godt kjent i den. Mest av alt håper jeg den finner plass i mye mer enn bokhyller, og når inn til hjertene, for hele vår generasjon. Det kan vi legge til rette for sammen, ved å gjøre den til Folkebibelen.



TORSDAGS- TREFF i Bryne Kyrkje i Peisestova

15. september kl 14.00-16.00

Leif Andenes kåserer:

"Mellom fjord og fjell -
minne frå barndom
og oppvekst"

Songstund

Matøkt og prat

Andakt v/ Jens Olav Mæland

13. okt. kl. 14.00-16.00

Håkon Bjorland: "Haust
i bilete og tonar"

Opplesing og songstund

Matøkt og prat

Andakt v/ Håkon Bjorland

Alle er velkomne!



Pater Kjell Arild Pollestad

kjem til Undheim kapell
onsdag 21.sept. kl.19.30

Tema: Roma si historie og betydningen
av den i eit bibelsk perspektiv

Inngangspengar



FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på fremtiden



Fest for alle på Fotland Bedehus

Fredag 16. september kl.19.00

Tema:

Arne Garborg, skildra av Odd Dubland
og Torstein Tunheim

Servering av gamal bondekost
Avdeling med Garborg-songer Kollekt.
Alle er hjarteleg velkomne!
Arr.Bedehusstyret



SAMLING I UNDHEIM KAPELL

Fredag 23. september kl. 19.00

Tale av Anne Sofie Haarr
Song av "Frimenn"

Utlodding

Sal av mykje god Ryfylkefrukt
Matpause

Inntekta går til leirplassen
Himmel & Hav (Strandleiren)
Alle velkomne!

Det Norske Misjonsselskap



Møt helten i Papua Ny-Guinea

Sigmund Evensen dagleg leiar i
Wycliffe Norge

Bryne kyrkje

laurdag 17. september kl.19.00

Blandakoret Jærklang

Åsulf Kvammen song og trompet

Guds ord er kraftig

Bibeloversetjarane, Wycliffe Bible Translators, har som mål at alle folkegrupper skal få Bibelen tilgjengeleg på sitt språk. Det inneber ofte å kombinere utvikling av skriftsystem, lese- og skriveopplæring, gi ut enkel litteratur frå staden, f.eks eventyr, helseinformasjon og om anna utviklingsarbeid.

Sigmund Evensen og kona, Ingjerd, med sine etterkvart 4 barn, budde 17 år på Papua Ny-Guinea. Dei levde isolert saman med umanakainafolket i eit fjellområde og omsette Det nye testamentet til deira språk.

Denne historie er skildra og vist i TV-programmet "Reisen til Papua Ny-Guinea," og den svært lesverdige biografien heiter "De skjulte ordene". Nå er Sigmund Evensen leiar for Wycliffe Norge.

Gå ikkje glipp av å høyra han forkynne om krafta i Guds ord!

Arr.Jærklang





Bibelkveldar i Bryne kyrkje!

Denne hausten arrangerer Bryne sokneråd to bibelkveldar i kyrkja

Hovedtemaet blir:

“Er Trua slitesterk?”

Ei gruppe på fem personar har fått mandat til planlegging og gjennomføring

Opplegget for kveldane:

Vi startar med eit kveldsmåltid. Det sosiale fellesskapet, der alle kjenner seg inkludert, er svært viktig for kyrkjelyden. Vi vonar eit måltid kan vera med å bidra til dette.

Vi vil også gi rom for ei god og munter historie.

Undervisning

21. september kl. 19.00

Tidligere misjonsskulelærer og sokneprest Jens Olav Mæland underviser. Fokuset er på “Trua sine hindringar – og korleis ein skal møta dei”.

Det vil bli gitt høve til spørsmål/samtale

16. november kl. 19.00

Prost i Sandnes, Ludvig Bjerkreim, har ansvaret for undervisninga. Temaet er “Livsviktig tru”.

Det vil bli gitt høve til spørsmål/samtale

Målsetting:

Me har registrert eit behov for å få trua vår utdjupa. Me ynskjer at Bibelens tankeverd skal få koma inn i vår vanlege kvardag.

Kveldane er for alle aldersgrupper, og spesielt gildt om mange ungdommar kunne bli med.

Inviter nokon du kjenner og kom!

Helsing Brit Frøyland
(Leiar av planleggingsgruppa)



Kyrjekveld med Karsten Isachsen

**Karsten Isachsen kjem til Bryne kyrkje
lørdag 24. september 2011 kl. 1800
Tema: Beskjeden som forandret alt**

I 1978 debuterte Karsten Isachsen som forfattar med boka “Gjester som ikke vil gå”. Sidan då har han gitt ut 35 bøker i Norge, Sverige, Danmark og Finland, med eit samla opplag for bøker og lydbøker på over ein halv million!

Dei siste 25 åra har Karsten vore mykje brukt i norsk næringsliv med førelesingar om kommunikasjon og konfliktløsning. Kvart år formidlar han tankar frå huspostillen sin “Livsglede”, i ei rekke kyrkjer.


“Jeg kjenner stor glede ved å ha kirkens prekestol som min sentrale arbeidsplass. Her kan jeg tale om alle menneskelivets sider, med hovedvekt på den åndelige dimensjon,” seier Skurdalspresten.

I kyrkja stiller han alltid gratis for som han seier: Jeg er jo innerst inne prest og evangeliet har jeg selv tatt i mot gratis. Jeg gir det selvsagt fritt vidare.

Bok-kafé

Etter Karsten sin livsglade tale blir det bok-kafé i beste sjømannskyrkjestil med kaffe og vafler. Karsten har med seg sine fem siste bestselgande bøker til hyggelege prisar.

Kyrjekvelden har fri entré - velkommen til ein annleis, spennande og glad kveld i lyset frå det nye glasmaleriet i Bryne kyrkje!




HAUSTTAKKEFEST

Bryne kyrkje, søndag 2. oktober

Gudsteneste kl. 11.00
Spennande musikk v/ Øystein og Jørgen Nybøe
Takkeoffer til Speidarane

5. klassingar i “Lys våken”
og Fotograppa i UK deltek

Etter gudstenesta:
Misjonstivoli v/konfirmantar.
Hoppeslott.
Sal av lapskaus
Speidarar griller pølser
Inntekt: Return2Sender



Velkomen til Internasjonal fest Laurdag 1. oktober kl. 15.00-17.00 i Bryne kyrkje

Mykje god internasjonal mat
Musikk, song og dans frå ulike kulturar
Andakt ved Turid Ekeland, Regionleder i KIA
Song ved gruppe frå KIA-koret

- Ein kveld i eit internasjonalt fellesskap der vi kan bli betre kjent med kvarandre på tvers av kulturar. Vi har tidlegare hatt internasjonale festar i Bryne kyrkje som har samla ca. 100 personar frå mange land, også Norge. Vi har eit flott mangfald rett her i vårt eige nabolag.
- Mange Timebuar har på desse festane fått gleder seg i eit internasjonalt fellesskap.
- Mangfaldet er stort, ikkje bare ved bordet. Det vert også song, dans og musikk som vi ikkje opplever til vanleg.
- Vi er i kyrkja og vi samlast og til andakt.
- Borna er også med, og det vert god tid til å prata og bli kjende med kvarandre.
- Store og små er hjarteleg velkomne til ei internasjonal oppleving i Bryne kyrkje!

Arr: Kia-Bryne komiteen



Hauftfest for alle over 60

**Sundag 30. oktober blir det
haustfest i Bryne kyrkje kl 15.30**

Program:

- Andakt av Bruno Jacobsen
- Song av Frimenn.
- Kåseri av Torstein Tunheim
- Allsong, god mat, kaffi og tid til drøs

Ta kontakt med kyrkjekontoret tlf 51770377 dersom du treng skyss.

Hjarteleg velkomen

Arr: Bryne Diakoniutval



“Tenn Lys 2011” Ukrainakveld

**Bryne kyrkje laurdag 15. okt. kl.19.00
Song og musikk v/ blandakoret Vivace og
nyutdanna kantor Ingrid Elisabeth Berg**

Me skal tenne mange levande lys i Bryne kyrkje denne haust-kvelden. Lys gir varme og jagar bort mørke. Me gler oss óg til vakker song og musikk.

Hjelparbeid: Me vil støtte **KPK-Ukraina** sitt store arbeid, og på den måten tenne lys for mange som lever i stor nød og fattigdom.

Ivar Lyster, Ellen Aarsland m. fl. vil orientere om arbeidet.

Hjelpesending til Ukraina: Innlevering utanfor kyrkja frå kl.17.00. Me treng alt av reine og heile klær, sko, teppe, sengetøy, leiker, kjøkkenutstyr osv. Frivillig frakt kr. 50 pr. sekk.

Fadderordning: For kr. 200 pr. mnd. kan du ha ditt eige fadderbarn i Ukraina.

Kollekt: Ei god pengegåve vil tenne “mykje lys og mykje varme”.

Kveldens programleiar: Håkon Urstad.

Bolleservering og drøs.

Velkommen til kyrkja!



Gode og varme huer frå Norge

For arr.: IHS



Time Sjømannsmisjons foreining har basar i Bryne kyrkje 28. oktober kl. 19.00

Geir Myklebust og Frelsesarmeens fellesmusikk vert med

Matøkt, åresal og allsong.

Du er velkomen!

Størst av alt – trusoplæring i Den norske kyrkja



Barn fødte år Trusoplæringstilbod skuleåret 2011-2012

2009	Undretur i Time & Bryne kyrkje 19/11
2007	Barnebibel – familiegudsteneste Adventsklubb før jul
2005	Dåpsskule – etter-skuletid-samlingar (+ helg på Bryne) februar-mars . Avsluttande gudsteneste før påske
2003	Tårnagenthelg jan/febr. Time & Undheim
2002	Pinsefart – Bryne. 3 samlingar
2001	Lys våken overnatting i kyrkja + 7 etter-skuletid-samlingar sept. - nov. + avsluttande gudsteneste

Bryne 9:13

Forskjellige aktiviteter, andakt og kafé for 4-7. klassetrinn i Bryne kyrkje kl. 17.30-19.30

Datoar hausten 2011
15. sept., 29. sept.,
13. okt., (haustferie), 27. okt.,
10. nov., 24. nov.,
8. des.

Velkommen til "Sundagstreff" hausten 2011

Kl 18:00: Song, ringleik, kaffi og
drøs i peisestova i Bryne kyrkje

Kl 19:00: Ein enkel gudsteneste i
kyrkjesalen

Arrangementet er ope for alle og til-
rettelagt for menneske med utvikling-
shemming

Hjarteleg velkomen.

Datoar for hausten 2011:

Sundag 11. september
Sundag 2. oktober
Sundag 6. november
Sundag 11. desember

SANTALKLUBBEN PÅ BRYNE

Santalklubben er ei forening for jenter frå
3.klasse og oppover.

Diverse formingsaktivitetar, misjonsinfor-
masjon

Me samlar inn pengar til Normisjon

Møtetid:

Annankvar tirsdag kl.17.00- 18.30

Stad: Kjellaren i Rektor Sælandsv.21, hjå
Oddny Underhaug

Klubbmøta er i partalsveker

Velkommen!

"BYGGE- KLOSSEN"

SMÅBORNS-TREFF for heimeverande med små born

Onsdagar i oddetalsveker kl. 10-12 i peisestova i Bryne kyrkje:

Nå startar Byggeklossen opp igjen
etter ferien. Er du heime på dagtid
med små born er du velkomen til
Byggeklossen. Det er ei uformell sam-
ling for dei som er heime på dagtid
med born mellom 0-5 år.
Ungane leikar medan dei vaksne
pratar og blir kjende.

Datoar hausten 2011:

14. september, 28. september,
26. oktober, 9. november,
23. november, 7. desember

Program:

- Vi har ei musikkksamling saman som
Per Olav Egeland leiar
ca kl 10.15

- Ta med matpakke, så et vi lunsj sa-
man etter at vi har sunge og spelt

- Vi har kaffi, te og vatn til alle

- 10 kroner pr. gong pr. voksen uan-
sett kor mange born du har med deg

Har du spørsmål eller leiker som
Byggeklossen kan bruka, ta kontakt
med kyrkjekontoret på tlf 51770377
eller send e-post til diakon@time-
kyrkja.no

Alle er hjarteleg velkomne!

LysVaken

5.klassing?

Bli med på "Lys våken" – overnatting i kyrkja



Alle 5.klassingar er velkomne til å vere med på "Lys våken" – overnatting i kyrkja.
Dette markerer starten av ei flott tid i "Størst av alt" for 5. klassingar, og held fram med
"etter-skuletid"-samlingar i tida fram mot advent. Det er ein heil del ting vi vil finne ut meir om.

Kva er det mest verdifulle Gud har? Kven er eigentleg Jesus? Korleis og kva kan ein tru?
Gjennom leik og utforsking, drama og undring skal vi saman prøve å finne gode svar.

Brev i posten? Kyrkja sender ut invitasjon etter medlemsregisteret, men alle 5.klassingar i
Time, Bryne, Undheim er velkomne. Ta kontakt!

Påmelding.på heimesida: www.time-kyrkja.no

Bryne kyrkjelyd **Familefokus** - Kyrkjelydsarbeid på Rosseland skule

Program hausten 2011

21.aug	kl. 11.00	Familiegudsteneste med nattverd
18.sept	kl. 11.00	Gudstjeneste med sundagsskule
16.okt	kl. 11.00	Familiegudsteneste med nattverd
30.okt	kl. 16.00	Sundagskafé med barnesamling
13.nov	kl. 16.00	Sundagskafé med barnesamling
20.nov	kl. 11.00	Gudsteneste med sundagsskule
11.des	kl. 16.00	Sundagskafé med barnesamling

Alle arrangement føregår i aulaen på Rosseland skule

Velkommen til fellesskap i Bryne kyrkjelyd!

For Bryne -på Rosseland

Bryne kyrkjelyd ønskjer å vera ein open og mangfaldig
kyrkjelyd. Noko av familiearbeidet vårt har me valgt å leg-
gja til Rosseland skule. Gudstenester og sundagskafé på
Rosseland er for alle på Bryne, men er særskilt lagt til rettes
for borna.

Dåp på Rosseland

Alle som skal bera barn til dåpen i Bryne kyrkjelyd, kan no
velja dåp i gudstenester på Rosseland skule. Me ønskjer å
skapa ei avslappa men verdig ramme rundt dåpshandlinga.

Gudstenester og kafé

Bryne Kyrkjelyd har arrangement i aulaen på Rosseland
skule sju sundager denne hausten. Gudstenesta startar kl
11.00 og kaféen kl 16.00.

Finn din plass!

Mange dugnadstimer må til for å skapa ei gudsteneste på
Rosseland skule. Me er takksame for alle som har store
eller små oppgåver, og me ønskjer at alle skal finna ei
teneste som er tilpassa evner og livssituasjon. Likevel vil me
først og fremst at du skal finna kvila hjå Gud og eit trygt
fellesskap for deg og familien.
Me håpar at du finn din plass!



BLIFADDER!

www.blifadder.no

☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen

Bryne Kyrkjelyd



www.time-kyrkja.no
Bryne Kyrkjelyd
Erlandsbakken 6
Pb. 373
4349 Bryne

Familefokus

Kontaktperson:
Kyrkjelydsprest Leif Oscar Reiestad
lor@time-kyrkja.no
Tlf: 99127403



AKTIVITETEN på SARON Hausten 2010

Torsdager kl. 19.00 - 21.00

25. aug., 8. sept., 22. sept., 6. okt.

20. okt., 3. nov., 17. nov., 1. des.

Modellflybygging og simulator
Bil, elektro og brain box byggesett
Mopedmotor
Pizza

Velkommen

Misjonsambandet



M-Aks klubben på Saron Hausten 2011

Eit tilbod for deg som går i første
klasse og oppover

Me startar opp tysdag 30 august kl. 17.30-19.00

Aktivitetar kvar veke er : sløyd (pussing, snekring, lagar ulike ting i tre etter teikning, eller etter fantasien)

Somme tysdagar er der i tillegg formingsgruppe, der ein held på med ulike formingsaktivitetar

Kom og sjå korleis me har det!

Misjonssambandet

MØTE FOTLAND BEDEHUS



SEPTEMBER

Lør. 3. Ungdomstreff
Søn. 4. Samlingsfest NMS
Søn. 4. Søndagsskule
Man. 5. Guttelag
Man. 12. Bønnemøte
Fre. 16. Fest for alle
Lør. 17. Ungdomstreff
Søn. 18. Søndagsskule
Man. 19. Guttelag
Man. 26. Bønnemøte
Tys. 27. Forening NMS

OKTOBER

Søn. 2. Søndagsskule
Man. 3. Guttelag
Fre. 7. Basar NMS
Lør. 8. Ungdomstreff
Man. 10. Bønnemøte
Man. 17. Guttelag
Lør. 22. Ungdomstreff
Man. 24. Bønnemøte
Tys. 25. Forening NMS
Ons. 26 - 30. Fellesmøtene
Søn. 30. Søndagsskule-
Man. 31. Guttelag



AKTIVITETAR for LYE FORSAMLINGSHUS

14.09.11 (20:00 - 22:00) Møte IMF- Kl.2000
21.09.11 (19:30 - 21:00) Møte NMS
28.09.11 (19:30 - 21:00) Møte NLM
05.10.11 (20:00 - 21:15) Et annerledes møte
19.10.11 (20:00 - 22:00) Møte IMF- Kl.2000
26.10.11 (18:00 - 21:00) Konfirmantundervisning -
hele huset
02.11.11 (19:30 - 21:00) Møte NMS

Sjå også gudstenestelista på siste side

Milepæl i Den norske kyrkja – stor gudstenestereform er på gang

Den norske kyrkja har i fleire år arbeidd med ei omfattande gudstenestereform. Kyrkjemøtet 2011 gjorde vedtak om ny ordning for hovudgudstene, ny dåpsliturgi, nye tekst- rekkjer og nye allmenne føresegnar for hovudgudstene og for dåpen. Nå står kyrkja framfor eit spennande arbeid med å ta i bruk dei nye ressursane i gudstenestelivet.

Kyrkjene i Time har lenge hatt stort fokus på fornying av gudstene. Det var difor ikkje overraskande at biskopen under visitasen i februar utfordra Bryne kyrkjelyd til å vera tidleg i gang med å ta ordningane i bruk og gjera dei nødvendige vedtaka først.

Så då har gudstenesteutvalet sett i gang med fullt trykk. Reformen skjer nemleg lokalt. Det er kyrkjelyden som vedtek lokal grunnordning og får denne godkjent av biskopen.

I september vil gudstenesteutvalet saman med sokneråd, stab og frivillige medarbeidarar ha eit lørtdagsseminar om fornying av gudstene i Bryne kyrkje. Den 23. oktober vert det kyrkjelydsmøte om saka. Til og med kyrkje- middag! Bli med på dette! Nå er sjansen der til å påverka, engasjera seg og skapa nytt. Første søndag i advent er me i gang med ny hovudgudstene i Bryne kyrkje.

På heimesida www.time-kyrkja.no vert det lagt ut informasjon med eit grundig dokument med forslag til "Lokal grunnordning for gudstene i Bryne kyrkjelyd".

- Stein Ødegård -

Kyrkjevalet 2011

I dette nummeret av Helgedagen vert bispedømmerådsvalet sine kandidatar presenterte. I førre nummer hadde bladet vallis- tene til soknerådsvalet med informasjon om førehandsrøysting, vallokale og opningstider.

Nå vil vi bare minna om at 11. og / eller 12. september har du som medlem av Den norske kyrkja høve til å vera med og bestemma kven som skal styra di kyrkje dei næraste 4 åra. Alle medlemmer som fyller 15 år eller meir i løpet av 2011 har røysterett. Informasjon om tid og stad for valet står på valkortet du har fått i posten, men det enklaste er kanskje å hugsa at kyrkjevalet vert halde i same hus som kommunevalet, og at opningstidene er dei same. Du vil få rettleiing om fram- gangsmåten ved valet i vallokalet.

Dersom kyrkja er viktig for deg – Røyst ved kyrkjevalet!

Godt val!

Kandidater til bispedømme- rådsvalet i Stavanger bispedømme

Omtale om kandidatane finn du på dei neste fire sidene.

Lista er alfabetisk ordna. Ein skal velje 7 representantar til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet. Minst ein av kandidatane skal rangerast. Du kan rangere så mange kandidatar som du ønskjer. Røystesetlar med manglande rangering vert forkasta. Marker rangeringa av kandidatar med tal i ruta til venstre for namnet på kandidaten.

Retting:

Helgedagen seier seg lei for at namnet til kandidat nr. 9 på lista til soknerådsvalet i Bryne var skriva feil i førre nummer av Helgedagen. Rett namn er Aasa Braut.



FRELSER ARMEEN BRYNE

Søndag 4. september kl. 11.00

- Gudstjeneste og søndagsskole
- Majorene Anne Karin og Hans Johnny Nilsen leder og taler

Søndag 11. september kl. 11.00

- Gudstjeneste og søndagsskole
- Besøk av Solveig og Kari

Søndag 18. september kl. 11.00 - SUPERSØNDAG

- Sang av sevenjentene Victoria og Rebecka
- Aktiviteter og middag etter møte

Søndag 25. september kl. 11.00

- Gudstjeneste og søndagsskole
- Oberst Erling Mæland

Torsdag 29. september kl. 14.30

- Over de 60
- Besøk av majorene Eli og Jan Harald Hagen

Fredag 30. september kl. 18.00

- Sang og musikk møte – Kveldsmat

Lørdag 1. oktober

- Høstfest
- Hjemforbundet arrangerer. Besøk av Dirdal musikklag

Søndag 2. oktober kl. 11.00 – Gudstjeneste og søndagsskole

Majorene Eli og Jan Harald Hagen deltar hele helgen

Se ellers **Jærbladet** eller www.frelsesarmeen.no/bryne for oppdatert program

TRYKKSAKER

DESIGN • TRYKK • KOPIERING • INNBINDING

VARDHEIVEGEN 60, BRYNE
trykkeri@jprint.no

952 99 844

Kandidatar til Stavanger bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

ALLE MEDLEMMAR OVER 15 ÅR KAN STEMMA

Val nær av kommune- og fylkestingsvalget, 11. og 12. september.



Namn: Leif Christian Andersen
Yrke: Sjukepleiar Alder: 26 år Sokn: Bekkefaret, Stavanger Domprosti
Erfaring: Stavanger bispedømmeråd. Ungdommens Kyrkjemøte. Ungdomsdelegat på Kyrkjemøtet. Ressursgruppe for gudstenestereform. Varamedlem i kommunestyret og medlem av kommunale utval i Vindafjord. Speidar, korps og ungdomsarbeid.
Engasjement: Det er fantastisk å oppleve barn, ungdom, vaksne og eldre som er med i det flotte arbeidet som finn stad rundt omkring. Barne- og ungdomsarbeid engasjerer meg. Dessutan er eg oppteken av dei svakaste i samfunnet. Me må vera til stades for dei mange som ikkje har ein god kvardag.
Korleis styrka kyrkja? Kyrkja står alt no sterkt i Norge. Mange kan visa til gode møte med representantar for kyrkja. Me må vera flinke til å profilera alt det gode kyrkja gjer i lokalsamfunna, og då vil me òg styrka kyrkja.



Namn: Reidun Bakkane
Yrke: Pensjonist Alder: 71 år Sokn: Gausel, Ytre Stavanger prosti
Erfaring: Leiar, Kyrkjelig Fellesråd. Leiar og medlem av sokneråd. Leiar av konsert- og kulturutval. Frivillig medarbeidar i dåpsskule. Politisk aktiv i Kristeleg Folkeparti og meddommar i Gulating lagmannsrett.
Engasjement: Å kunne vera med å leggja til rette for møteplassar der trua kan veksa, spesielt trusoppplæring for barn og unge.
Korleis styrka kyrkja? Dei mange oppgåvene og moglegheitene kyrkja har vil krevja fleire tilsette og eit større engasjement av frivillige. Det er eit skrikande behov for større satsing på det diakonale arbeidet. Mange einsame, spesielt eldre, vil kunne få betre livskvalitet ved for eksempel eit jamleg besøk frå diakonien i kyrkjelyden.



Namn: Silje Arnevik Barkved
Yrke: Teologistudent Alder: 25 år Sokn: Lura, Sandnes prosti
Erfaring: Ungdomsrådet i Stavanger bispedømme. Delegat på Ungdommens Kyrkjemøte, 3 år som delegat til Kyrkjemøtet frå Ungdommens Kyrkjemøte. Gudstenesteutvalet i Lura menighet. Mange års erfaring frå ungdomsarbeid.
Engasjement: Konfirmantarbeid! Å sjå ungdom, så ulike som dei er, bli utfordra på tru og tanke. Å oppleve kreativitet og nysgjerrighet i møte med evangeliet. Eg trivst dessutan med sakspapir og plenumsdebattar, så rådsmøte skapar stort engasjement hos meg.
Korleis styrka kyrkja? Me bør gjera det me kan for å skape engasjement i dei lokale kyrkjelydane. Folk skal få oppleve at Guds ord blir forkynt med glede. Kyrkja skal framleis driva utadretta diakonalt og sjelesørgjerisk arbeid og visa nestekjærleik i praksis.



Namn: Gyrid Espeland
Yrke: Seksjonssjef Alder: 58 år Sokn: Eigerøy, Dalane prosti
Erfaring: Stavanger Bispedømmeråd. Landsrådet og styret i Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon. Kyrkjelydskomite og sokneråd, Eigerøy. Menighetsrådet i Egersund. Kyrkjeleg Fellesråd. Nettverk for kvinner i Dalane. Styret i Dalane folkemuseum. Styremedlem i Tekna, avdeling Stavanger. Teknas etiske råd.
Engasjement: Eg blir engasjert når menneske blir Jesu disiplar, gudstenestene er relevante, barne- og ungdomsarbeidet svinger og dei som er sjeldan i kyrkja får lyst til å koma tilbake.
Korleis styrka kyrkja? Gud vil i sin kjærleik ha fellesskap med alle. Kyrkja skal visa dette i praksis, gjennom kyrkjeliv og samfunnsengasjement. Konfirmantane må få relevant undervisning. Det er lov å vera underveis og vera aktiv i kyrkja. Tankar og tru er ikkje svart-kvitt for dei fleste av oss.

Kandidater til bispedømmerådsvalget i Stavanger bispedømme



Namn: Liv Hjordis Glette
Yrke: Adjunkt Alder: 52 år Sokn: Vår Frelsers, Haugesund prosti
Erfaring: Varamedlem, soknerådet i Vår Frelsers menighet. Medlem av undervisningsutval. Engasjert i trusoppplæringsprosjekt. Aktiv i KFUK/KFUM-Speidarane som gruppeleiar, i kretsstyret, i leirkomite og det nasjonale misjonsutvalet og programutvalet. Kateket.
Engasjement: Eg blir engasjert av trusoppplæring for barn og unge, undervisning for vaksne, gudstenesteliv, omsorg for andre lokalt eller gjennom for eksempel Kirkens Nødhjelp.
Korleis styrka kyrkja? "Store hendingar" som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd må vera gode opplevingar som gjer at folk vil koma tilbake til kyrkja. Uansett situasjon må ein arbeida for at møtet med kyrkje, kyrkjelyd og prest må vera bra. Kyrkja må våga å vera til stades for menneske i ulike situasjonar.



Namn: Marie Klakegg Grastveit
Yrke: Økonomitraine Alder: 26 år Sokn: Frøyland og Orstad, Jæren prosti
Erfaring: Leiar i ungdomsrådet i Frøyland og Orstad kyrkjelyd. Styremedlem i Fokus, ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Leiar i konfirmantarbeid.
Engasjement: Det er kjekt å sjå at menneske får liva sine forandra gjennom å møta Jesus, menneske som trur på Han og kyrkja. Eg blir engasjert og inspirert av å samarbeida med andre om å finna gode løysingar på utfordringar og når eg kan vera ein forskjell i nokon sitt liv.
Korleis styrka kyrkja? Gje meir fridom til dei lokale kyrkjelydane. Styrka samarbeidet mellom kyrkjelydane slik at det blir enkelt å utveksla erfaringar og kompetanse. Me treng rause kyrkjelydar som bidrar til lokalsamfunnet. Møtet med Jesus skjer gjennom menneske som tør å gje av seg sjølv og sjå menneske rundt seg.



Namn: Svein Helgesen
Yrke: Seniorrådgjevar Alder: 63 år Sokn: Mosterøy, Tungenes prosti
Erfaring: Statssekretær i Kyrkje-, forskings- og undervisningsdepartementet. Ordførar i Rennesøy. Fylkesvaraordførar i Rogaland. Fylkesleiar Kristeleg Folkeparti, Rogaland. Leiar, styret for Menighetsfakultetet. Leiar, Kristent Pedagogisk Forum. Leiar og vaksenleiar i student- og skulelag.
Engasjement: Eg blir engasjert av å møta menneske som gjennom handling viser tru på at det nyttar å stå på for å gjera livet betre for fleire, og av sjølv å vera med på å bli utfordra og berørt.
Korleis styrka kyrkja? Å få endå tydelegare fram kjerna i evangeliet, slik det framstår i Bibelens sitt bilete av Jesus. Eg ønskjer meir fokus på det som samlar enn det som skil, å byggja bruer framfor murar. Å styrka kjerne-kyrkjelyden og å ta vare på eit oppekkingsperspektiv bør gå hand i hand.



Namn: Liv Heidrun Skaar Heskestad
Yrke: Medlem av leiargruppe Alder: 60 år Sokn: Time, Jæren prosti
Erfaring: Representantskapet i Vårt Land. Leiar / medlem i landsstyret for Norges Kristelige Student- og Skuleungdomslag. Medlem i Rådet for Willow Creek Norge. Leiar, Lye forsamlingsstyre. Leiar i gudstenesteutvalet for Lye Forsamlingshus.
Engasjement: Eg blir inspirert av unge menneske med engasjement for å nå ut med den kristne budskapet, brenn for å hjelpe folk til gode samliv og familieliv og for moglegheitene gudstenestene gjev.
Korleis styrka kyrkja? Kyrkja og kyrkjefolket må vera synlege i samfunnet og i samfunnsdebatten. Språk og formuleringar er viktige når me uttaler oss. Kyrkja må opplevast som relevant for folk. Det trur eg ikkje handlar om politiske standpunkt, men om dagleg levd liv.



Namn: Arnhild Aano Høyen
Yrke: Lærer Alder: 61 år Sokn: Stokka, Stavanger domprosti
Erfaring: Medlem av menighetsrådet, Stokka kirke. Mange år i Stavanger bystyre og kulturstyret i Stavanger. Søndagsskulelærer. Leiar i barneklubb.
Engasjement: Eg blir engasjert av dagsaktuelle tema kor kyrkje og samfunn møtast, og av kyrkja sine utfordringar i møte med eit pluralistisk og sekulært samfunn og barne- og ungdomsarbeid.
Korleis styrka kyrkja? Kyrkja må bli synleg i lokalmiljøet. Ho må fortsatt gje tilbod om seremoniar. Kyrkja kan godt uttala seg i samfunns spørsmål der det er naturleg. Ho må ikkje gå på akkord med si viktigaste rolle som trusformidlar og med å forkynda den gode budskapet.

**Kandidater til bispedømmerådsvalget
i Stavanger bispedømme**
**Kyrkjevalet
2011**


Namn: **Arne Jon Myskja**
 Yrke: **Salsdirektør** Alder: **59 år** Sokn: **Nedstrand, Haugesund prosti**
 Erfaring: Leiar i Nedstrand sokneråd. Orgelkomité, Nedstrand. Kontrollutvalet i Tysvær kommune. Formann i Nedstrand Båttforening. Sekretær / Ten Sing sekretær KFUK/M.
 Engasjement: Eg er ein person som blir lett engasjert. Eg blir inspirert av møte med Gud og menneske gjennom forkynnelse, musikk og kunst. Gode opplevingar i fellesskap gjev ønske om å skape noko saman.
 Korleis styrka kyrkja? Hjelpa kyrkjelydane å vera aktive medspelarar i lokalsamfunnet. Profesjonalisera kyrkjeleg kommunikasjon i media.



Namn: **Jakob Nærheim**
 Yrke: **Prosjektleiar** Alder: **44 år** Sokn: **Grødem, Tungenes prosti**
 Erfaring: Leiar i Vardeneset menighetsråd. Varamedlem i Grødem menighetsråd. Utval for naturleg kyrkjelydsutvikling, Grødem. Leiar i Trondheim Kristelige Studentlag. Director – Occupational Hygiene Training Association, nasjonalt og internasjonalt. Voss kommunestyre, råd og utval.
 Engasjement: Kristi kjærleik og menneskets ondskap og vankunne skapar engasjement hos meg.
 Korleis styrka kyrkja? Gjennom å be og arbeide.



Namn: **Jon Lende**
 Yrke: **Seniorrådgjevar** Alder: **54 år** Sokn: **Frøyland og Orstad, Jæren prosti**
 Erfaring: Klepp Kyrkjelege Fellesråd. Frøyland og Orstad sokneråd. Leiar/ medlem i styrer for forskjellige aksjeselskap. Styreleiar, Frøyland barnehage. Styreleiar, Frøyland forsamlingshus. Leiar av Frøyland misjonslag. Konfirmantgruppeleiar.
 Engasjement: Eg blir engasjert når menneske blir kjent med Jesus og kjem til tru, når eg erfarer Guds nærvær i kvardagen i eige eller andre sine liv, når kyrkja utgjer ein positiv forskjell for menneske i både i kvardag og fest, av ekte og ærlege møte med menneske og godt samarbeid mot felles mål.
 Korleis styrka kyrkja? Fokusera tydeleg på det som er kyrkja sitt oppdrag: Døypa og læra menneske å følgja Jesus. Dette må gjerast på eit mangfald av måtar slik at budskapet når inn og blir opplevd som sann, ekte og relevant.



Namn: **Svein Arne Lindø**
 Yrke: **Omsorgssjef** Alder: **58 år** Sokn: **Riska, Sandnes prosti**
 Erfaring: Leiar i Kyrkerådet, Den norske Kyrkja. Medlem av Kyrkerådet. Nestleiar, Stavanger bispedømmeråd. Leiar, Riska menighetsråd. Medlem av representantskapet i Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon.
 Engasjement: Å bidra til at fleire finn sin plass i kyrkja. Å bruka meg sjølv i kyrkjeleg arbeid. Å bidra til at kyrkja blir eit trussamfunn med fri stilling i forhold til staten.
 Korleis styrka kyrkja? Det viktigaste er å gje barn og unge opplæring i kristen tru. Så må me få kunnskap om kvifor mange ikkje er meir aktive i den lokale kyrkjelyden. Då kan me finna tiltak for å auka oppslutninga. Kyrkja sin budskap må handla om menneske sine liv, og me må oppmuntra kvarandre til å vera opne om tru.



Namn: **Elisabeth Sortland Sande**
 Yrke: **Psykiatrisk sjukepleiar/prosjektleiar** Alder: **47 år** Sokn: **Sola, Tungenes prosti**
 Erfaring: Sola menighetsråd. Sola Kyrkjelege Fellesråd.
 Engasjement: Eg blir engasjert av gudstenester med gode preiker som lyfter kvardagen inn i ein større og Gud-villa samanheng, av salmesong og musikk og av å få vera ein del av eit mangfaldig fellesskap. Eg blir engasjert av godt samarbeid og god leiing av dei oppgåvene som eg tar del i.
 Korleis styrka kyrkja? Kyrkja må vera oppteken av breiare og meir allmenne tema. Kyrkja må vektleggja toleranse for ulike syn der det i dag råder usemje. Kyrkja må vektleggja den frivillige innsatsen i form av vegleing og god oppfølging av frivillige medarbeidarar.

**Kandidater til bispedømmerådsvalget
i Stavanger bispedømme**
**Kyrkjevalet
2011**


Namn: **Steinar Skartland**
 Yrke: **Marknadssjef og KS-leiar** Alder: **53 år** Sokn: **Vikebygd, Nordre Ryfylke prosti**
 Erfaring: Vikebygd sokneråd. Fellesrådet. Vindafjord kommunestyre. Leiar, utval for oppvekst og omsorg. Bankrådet, SR-Bank Ølen. Leiar, Ølen og Vindafjord KrF. Klokkar. Sundagsskulemedarbeidar. Leiar nasjonalt økonomiutval, søndagsskulen. Formann for Årvik bedehus. Redaktør for kyrkjelydsblad.
 Engasjement: Eg likar å delta og ta eit tak der det trengst. Dugnad og samarbeid for å få til løysingar har ein dragande kraft. Eg trivest når eg kan vera med å utvikla strategiar og planar, og kan sjå saker frå fleire sider.
 Korleis styrka kyrkja? Kyrkja er avhengig av tilliten ein får på bakgrunn av folk sine opplevingar. Me kan bli flinkare til å inkludera, til å ta parti for dei svake og til å leggja til rette slik at folk kjenner seg heime. Kyrkja bør satsa på leiartrening og rekruttering.



Namn: **Bjarte Skogøy**
 Yrke: **Systemutviklar** Alder: **30 år** Sokn: **Hana, Sandnes prosti**
 Erfaring: Leiar, Hana menighetsråd. Medlem av Sandnes Kirkelige Fellesråd.
 Engasjement: Det som er ekte engasjerer meg.
 Korleis styrka kyrkja? Kyrkja må våga å vera seg sjølv.



Namn: **Tor Soppeland**
 Yrke: **Bonde** Alder: **63 år** Sokn: **Årdal, Søre Ryfylke prosti**
 Erfaring: Stavanger bispedømmeråd. Hjelmeland Kyrkjelege Fellesråd. Årdal sokneråd. Kommunestyret, Hjelmeland. Formannskapet. Leiar, styret for Ryfylke energi. Styremedlem, Lyse Kraft. Styret, Normisjon Årdal.
 Engasjement: At Bibelen er viktigaste rettesnor for arbeid og forkynning, ikkje det som er "politisk" rett og at kyrkja kan få behalda Carissimiprestane.
 Korleis styrka kyrkja? Kyrkja må vera klarere i sin forkynning av Guds ord til frelse.



Namn: **Ingebjørg Bjørklund Vignes**
 Yrke: **Undervisningsinspektør** Alder: **57 år** Sokn: **Hesby, Tungenes prosti**
 Erfaring: Hesby sokneråd. Leiar, Finnøy Kyrkjelege Fellesråd. Søndagsskulelærer. Arbeidsplasstillsvald og hovudverneombud.
 Engasjement: Eg blir engasjert av å kunne vera noko for andre, å høyra til eit ope og inkluderande miljø der alle blir høyrde og av å vera med i team der utfordringar blir løyste gjennom samarbeid.
 Korleis styrka kyrkja? Eg ønskjer at gudstenesta skal vera ein møtestad for heile kyrkjelyden. Det må dessutan lagast fellesskap der menneske samlast utanom gudstenestene.



Namn: **Jon Aarsland**
 Yrke: **Terapeut og leiar** Alder: **50 år** Sokn: **Egersund, Dalane prosti**
 Erfaring: Kyrkjelydskomité, Rundevoll, Egersund. Prest i Nord-Norge. Eigersund kommunestyre. Varamedlem, Fylkestinget i Rogaland og regional- og kulturutvalet i Rogaland fylkeskommune. Leiar i div. frivillige lag og foreiningar.
 Engasjement: Barn og ungdom som er trygge i si tru og medvitne om sitt samfunnsansvar. Diakonalt arbeid, bl.a. familievern og barnevern. Fordeling nasjonalt og internasjonalt. Arbeida for at fleire menn blir engasjerte i Kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid. Møte med menneske som strever skapar lyst til å hjelpa.
 Korleis styrka kyrkja? Kyrkja er ikkje staten sitt religionsvesen, og må vera kyrkje. Me må tørra å vera kyrkje, òg motstrøms. Vidareføra trusopplæringa. Konfirmantarbeid der foreldre blir trukke sterkare inn og med. Satsing på seniorarbeid.

 Du finn meir informasjon om Kyrkjevalet og kandidatane på www.kyrkjevalet.no

 <p>MITSUBISHI ELECTRIC V A R M E P U M P E R</p> <p>TØFFINGEN BLANT VARMEPUMPER</p>  <p>FD-Heat Kirigamine Garantert drift til -25°C</p>	 <p>Jær Tannlegene Heidi Boe Honningsvåg Christian Ø.Hjulstad Jaertannlegene.no 51484800</p>
<p>autorisert FORHANDLER</p>  <p>Vi utfører service på ALLE maskiner i markedet!</p> <p>Har du oljefyr eller elkjel? Spør oss om luft/vann!</p>  <p>GRATIS VARMEPUMPEBEFARING</p>	<p>FAGBUTIKKEN MED SERVICE</p> <p>MALING BELEGG TEPPE TAPETER</p> <p>GRUPPETEPPER LOPERE SOLSKJERMING</p> <p>Åpent: 9-18 (14)</p> <p>FARGERIKE ROSLAND KÅSEN • BRYNE • TLF. 51 42 60 15</p>
<p>VIKESÅ VVS A waterproof company 91 75 91 85</p> <p>91 75 91 85 vikesavvs@epost.no</p> <p>■ Gratis befaring i hjemmet med pristilbud</p>	<p>TIME  SPAREBANK - for Jæren</p>
<p>Håland Kjøtt KVALITET OG KUNNSKAP</p> <p>Kleppe Tlf: 51 78 69 50 Bryne Tlf: 51 48 16 33 Sandnes Tlf: 51 67 30 50</p>	<p>* <i>Alvealand</i> *</p> <p>BUNADER Meierigt. 15, 4340 Bryne Tlf. 51 48 75 15 • Fax. 51 48 64 03</p>
 <p>www.pizzabakeren.no 51 20 77 00</p>	<p> EL-TEAM Elektroentreprenør</p> <p>Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>
<p>Laurits Aarsland Tannlege</p>	<p>WACO Forsikringsmegling as</p>
<p>Selge bolig på Jæren?</p> <p>Ring tlf. 51 77 80 00 www.terra.no</p> <p>TERRA EIENDOMSMEGLING</p>	<p>SpareBank SR-BANK</p>
<p>EiendomsMegler JÆRMEGLEREN</p>	<p>Vil du gi en gave til Normisjon?</p> <p>Kontonr: 1503.02.13537</p> <p>Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.</p> <p>www.normisjon.no</p>

<p>Hus for norske forhold</p>  <p>SAGABO HUS FOR NORSKE FORHOLD</p> <p>Jernbanegaten 9, 4340 Bryne tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no</p>	<p>Murmester Heskje AS Hålandsveien 24, P.b. 270 4340 BRYNE Tlf 51 77 19 80 Fax 51 77 19 81</p>
<p>PERSIENNER Tlf. 473 59 935 - per.hareland@lyse.net</p> <p>LAMELLGARDINER RULLEGARDINER PLISSÉGARDINER SCREENDUK MARKISER</p> <p>Jærsol as</p> <p>GRATIS MÅLTAKING Kirsch REX TUNDRA www.jaersol.no</p>	<p>TEAM BYGG</p>
<p>MØBELRINGEN</p> <p>I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20</p>	<p>Aanes Lad Maskin 900 59 966 www.aanesladmaskin.no</p> <p>Graving - Løing - Masseflytting</p>
<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p>ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180</p>	<p>BYGG MESTER</p> <p>JENS GERLACH SØRENSEN A-S Tlf. 51 48 28 83</p>
<p>B&M Bok&Media</p> <p>Alt i bøker, musikk, rekvisita, kort og hobby i Storgata 26</p>	<p>BYGGMESTER</p> <p>HERSDAL AS Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625</p>
<p>JÆREN HOTELL</p>	<p>Høst-tilbud</p> <p>Kun kr 400,- ut dette året og hele 2012 (Full pris kr 380,-) Send navn og adresse til: 40 40 60 26</p> <p>Møt "hele" verden gjennom misjon i tidende</p>
<p>Varmepumper ACsenteret gir deg gratis befaring, stort utvalg og god service</p> <p>Gratis befaring? SMS med AC til 1963</p> <p>www.acsenteret.no Brennva 14, Bryne/Håland Tlf: 51 77 78 70</p> <p>ACsenteret</p>	<p>STEINSLAND & CO</p>
<p>Kverneland Bil Vi tar ansvar!</p> <p>Eskervegen 7, 4340 Bryne tlf. 51 77 82 82</p>	<p>Johansen Elektriske as Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>
<p>Koinonia KOINONIA BOK OG MUSIKK</p> <p>Motehuset Bryne Torg Storgata 10-12 - 4340 BRYNE Tlf. 51486520</p>	<p>Den Norske Israelsmisjon</p> <p>Sjekk ut vår nye nettside!</p> <p>www.israelsmisjonen.no</p>



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

05.06.11: Emma Oftedal, Astrid Løge, Martin Sikveland Søyland, Aron Olsen

07.08.11: Angelina Kolstad Boynton, Nora Særheim, Benjamin Svellingen Tengesdal, Sine Torvund Tunheim

TIME KYRKJE

22.05.11: Vida Emine Berberg-Torkildsen, Torkel Time Norheim

12.06.11: Vegard Wiig Furås, Eric Nedrebø Tollefsen, Erling Hognestad Liland, Tobias Holen, Tobias Rosseland, Linus Bjelland Haugland

26.06.11: Mina Sæverud Eiane, Ingrid-Bertine Tytingvåg Serigstad, Mille Wist, Øydis Andrea Risa, Tobias Vigre Rugland, William Taksdal Vernholz

17.07.11: Georg Time, Mathilde Sikveland Vigre, Jonathan Sikveland Vigre, Henrik Garpestad, Michael Bjørneskaret, Alfred Berge,

14.08.11: Karen Fasting Hillestad, Lotte Mellemstrand Bore, Torjus Grødem, Olav Sørensen, Sondre Øgreid Øverland, Tiril Kvía Taule

LYE FORSAMLINGSHUS

21.08.11: Marlen Brunnes Scheie

UNDHEIM KAPELL

03.07.11: Thomas Cedervall Sikveland, Sivert Tjåland Liverud, Imre Tjelta Tunheim

31.07.11: Ovidie Håland

21.08.11: Emil Tjåland, Synne Haugen, Sarah Mæle-Kommedal



VIGDE

21.05.11: Linda Vestersjø Vargervik og Morten Jørmeland, Oddbjørg Undheim og Karl Håvard Mæland

28.05.11: Marianne Bjørlov og Ernst-Andre Undheim

04.06.11: Kristin Lie og Frode Orstad, Hege Håland og Kjetil Horvei

11.06.11: Cynthia Sandanger og Kjetil Henriksen, Ann-Kristin Handeland og John Erik Søiland Mæland, Hanne Gudmestad Undheim og Samuel John Lovell

14.06.11: Solfrid Elin Medhaug og Ingvar Apeland

18.06.11: Ragnhild Solheim og Reidar Thunheim

25.06.11: Berta Lende Røed og Thomas Lende Røed, Guro Grødem og Jakob Trydal

02.07.11: Ingrid Nese og Torleif Veen, Benedicte Aarbakke Tollaksen og Trond Nessa, Camilla Bjelland og Joakim Hølland

16.07.11: Anne Orre og Asle Undheim

23.07.11: Elin Solheim og Svein Pedersen
30.07.11: Tonje Karlsen og Heine Ånestad, Elisabeth Leirvik Larsen og Simon Andreas Skaar, Elisabeth Adele Gusevik og Erlend Braut Opshaug

06.08.11: Sissel Røiseland og Eirik Larsen, Inger Lisa Bjørheim Lye og Dagfinn Solvik-Olsen

13.08.11: Silje Aarbakke og Håvard Nordmark, Kristina Undheim og Ole Magnus Skisland

20.08.11: Janne Røgenes og Arild Sie, Eivor Lokøy og Torstein Ertkjern Gjerdevik, Anne Sawron og Joachim Hope Kyllingstad



DØDE

Gudrun Taksdal, Tomine Kristine Otto, Ragnhild Nyhus, Karen Marie Thorsen, Ruth Milly Salte, Mary Orre, Berta Kyllingstad, Sigve Undheim, Trygve Vold, Sigrunn Haraland, Arna Valborg Egeland, Sverre Stangeland, Magne A. Undheim, Sverre Oftedal, Aslaug Aase, Arvid Gudmestad, Enok Hommeland, Elfrid Vestly, Leif Tjåland, Herdis Synnøve Grødem, Karen Hadland, Tor Åge Solberg, Sigrid Auestad, Erik Mikkelsen, Magne Myrebø

Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!". Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.

Per Børge Hillestad er nå tilsett av Stavanger bispedømmeråd i stilling som sokneprest i Undheim sokn

Kyrkjelydsprest Per Børge Hillestad hadde fram til 01.08.2011 Time kyrkjelege fellestråd som arbeidsgjevar, løna av Undheim sokneråd. Frå same dato er han nå tilsett av Stavanger bispedømmeråd i stilling som sokneprest i Undheim sokn. Stillinga vert avlona gjennom den lokale gjevartenesta, som Undheim sokneråd vidarefører, og tilskot frå Stavanger bispedømmeråd.

Per Børge Hillestad vil fortsetja som før og ha sitt hovedarbeid knytta til Undheim sokn, men også ha nokre få gudstenester på dei andre gudstestetadene. Han vil også delta noko i tenestevekeordninga for gravferder og vigslar.

Soknepresten i Time er sjukmeldt eit par månader hausten 2011. Ungdomsprest Ole Tørring, Lye, vil vere vikar i soknepresten sitt fråver.

*Kjell Børge Tjemsland
prost*

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kapell - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

NMS Gjenbruk på Bryne



Saronsbrotet 3, 4340 Bryne

Tlf. 951 06 028

Opningstider:

mandag/fredag kl. 10.00 - 17.00
lørdag kl. 11.00 - 15.00

*Velkommen med varer av mange slag
- eller til ein god handel!*

Fleire og fleire kjem til Gjenbruksbutikken i Saronsbrotet

Bryne
Begravelsesbyrå

Tlf.: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd
www.brynebyrå.no
Reeveien 34, 4340 Bryne
Døgnvakt

KROGEDAL
begravelsesbyrå

DØGNVAKT
51972900

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å. Skretting
Brikt Goa og Oddbjørn Folde
Kontor: Bryne og Sandnes

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER
Ny hjemmeside:
www.krogedal.no



Et sted for frihet og forandring

Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail:
fermaterogaland@emmaus.no

Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes www.fermaterogaland.no



Velkommen til gudsteneste

Skysst til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 51 48 21 33

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Gabriel Tengsareid 51 48 28 98

Ring før kl. 10.00

TIME KYRKJE:

Frode G. Fotland

51 48 71 11 - 90 74 84 03

Dorteia Haugland 51 48 70 04

Ring før kl. 09.30



Søndag 11. september

Bryne kyrkje kl. 11.00

Bryne kyrkje kl. 18.00

Time kyrkje kl. 11.00

Søndag 18. september

Bryne kyrkje kl. 19.00

Lye forsamlingshus kl. 10.30

Rosseland kl. 11.00

Undheim kl. 10.30

Søndag 25. september

Bryne kyrkje kl. 11.00

Time kyrkje kl. 11.00

Søndag 2. oktober

Bryne kyrkje kl. 11.00

Bryne kyrkje kl. 18.00

Lye forsamlingshus kl. 10.30

Undheim kl. 10.30

Søndag 9. oktober

Bryne kyrkje kl. 11.00

Time kyrkje kl. 11.00

Søndag 16. oktober

Bryne kyrkje kl. 19.00

Lye forsamlingshus kl. 10.30

Rosseland kl. 11.00

Undheim kl. 10.30

Søndag 23. oktober

Bryne kyrkje kl. 11.00

Time kyrkje kl. 11.00

Søndag 30. oktober

Bryne kyrkje kl. 11.00

Lye forsamlingshus kl. 10.30

Undheim kl. 10.30

Mark. 7, 31 – 37

Gudsteneste. Dåp.

Presentasjon av konfirmantane.

Jungelgjeng. Soknerådsva.

Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming.

Familiegudsteneste. Dåp. Hausttakkefest.

Fotland barnehage og

Fotland søndagsskule deltek.

Luk. 10, 25 - 37

Gudsteneste. Nattverd.

Musikk: Månesølv og tonegull

Gudsteneste. Dåp.

Presentasjon av konfirmantane.

Gudsteneste.

Familiegudsteneste. Dåp. Hausttakkefest.

Luk. 17, 11 – 19

Gudsteneste. Nattverd.

Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng. Gullkonfirmantar.

Matt. 6, 24 – 34

Familiegudsteneste. Dåp. Hausttakkefest.

Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming.

Gudsteneste. Nattverd.

Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule.

Joh. 11, 17 – 27. 37 – 44

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng.

Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng.

Mark. 2, 18 - 28

Kveldsgudsteneste. Nattverd. Jærklang.

Gudsteneste. Dåp.

Gudsteneste.

Gudsteneste. Dåp.

Salme 73, 23 – 28

Familiegudsteneste. Dåp. Kyrkjelydsmøte.

Familiegudsteneste. Dåp. Utdeling av fire-årsbok.

Hebr. 3, 7 - 11

Skriftemålgudsteneste. Jungelgjeng.

Gudsteneste. Nattverd.

Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule.